

# REFERAT FRÅ MDG VESTLAND SITT ÅRSMØTE

## 23. og 24. januar 2021



miljøpartiet  
de grønne  
vestland

# INNLEIING

Fylkesleiar Birger Berntsen innleia til møtet.

## SAK 1 – VAL AV MØTELEIARAR, REFERENT, PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR OG TELLEKORPS

### 1.1 VAL AV MØTELEIAR:

Innstilling frå fylkesstyret: Guri Barka vert møteiar, Øyvind Strømmen vert assisterande møteiar.

**Vedtak:** Møteiarane vart valde utan innvendingar.

### 1.2 VAL AV REFERENTAR:

Innstilling frå fylkesstyret: Øyvind Strømmen og Janne Kjellevold Midtbø vert valde som referantar.

**Vedtak:** Referentane vart valde utan innvendingar.

### 1.3 VAL AV PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR:

Innstilling frå fylkesstyret:  
To delegatar vert valde til protokollunderskrivarar.

**Vedtak:**  
Pauline Tomren og Jens Petter Grini vart valde.

### 1.4 VAL AV TELLEKORPS:

Innstilling frå fylkesstyret:  
Ordstyrar (møteiar) vert vald til tellekorps.

**Vedtak:** Ordstyrar vart vald til tellekorps utan innvendingar.

IT  
PT

JPGP

# SAK 2 – GODKJENNING AV INNKALLING, DAGSORDEN OG FORRETNINGSORDEN.

## 2.1 GODKJENNING AV INNKALLING

### **Innstilling:**

Innkallinga vert godkjend.

### **Vedtak:**

Innkallinga vart godkjend utan innvendingar.

## 2.2 GODKJENNING AV DAGSORDEN

### **Innstilling:**

Dagsorden vert godkjend.

### **Handsaming:**

Det har kome inn eit vedtektsendringsforslag etter at sakspapira vart sendt ut. Vedtekten har ingen frist for dette. Ordstyrar spurte om det var greitt for møtelyden å handsama vedtektsendringsframlegget, sendt inn frå Grøn Ungdom Vestland, trass i at dette ikkje var sendt ut i sakspapira.

### **Vedtak:**

Det kom ikkje innvendingar mot å handsame det ytterlegare vedtektsendringsframlegget, og det vart difor handsama saman med dei andre i sak 6.

Dagsorden vart godkjend med denne endringa.

## 2.3 GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN

### **Innstilling:**

Forretningsorden godkjennes

### **Handsaming:**

Møteleiar føreslo følgjande endringar:

1. Fristen for vedtektsendringframlegg går ut etter at sak 2 er ferdig handsama.
2. Det vert i saka om val av landsmøtedelegatar gjort eit unntak frå regelen om valtale og støttetale til kandidatane.

JPGP

Det vart votert over om det skulle opnast for debatt i saka om godkjenning av forretningsorden, og det vart opna for debatt.

**Vedtak:**

Forslag 1 vart vedteke, utan innvendingar.

Forslag 2 vart vedteke.

Forretningsordenen vart vedteken.

## SAK 3 – ÅRSMELDING 2020

**Innstilling frå fylkesstyret:** Årsmøtet tar årsmeldingen til etterretning.

**Handsaming:**

Fylkesleiar Birger Berntsen la fram årsmeldinga.

Knut Førland påpeikte at han også sat i nominasjonsnemnda, og skrytte av leiar for nominasjonsnemnda, Håkon Nakkerud Opedal.

**Vedtak:**

Årsmeldinga vart godkjend.

## SAK 4 – REKNESKAP 2020

**Innstilling frå fylkesstyret:**

Regnskapet vert godkjend.

**Handsaming:**

Kasserar i styret, Anita Bakken, gjekk gjennom årsrekneskapen. Det vart stilt ei rekke spørsmål om avvikande budsjettpostar. Handsaminga av saka vart utsett til rekneskapsførar Vegard Setrom, tilsett i MDG nasjonalt, kunne delta og svara på spørsmål.

Øyunn Kåset stilte spørsmål ved avviket på ”Lokallag og andre”.

Per Hjalmar Svae stilte spørsmål om kor dei auka inntektene og utgiftene kom i frå.

Vegard Setrom gjorde greie for at MDG Vestland legg ut på vegne av fylkestingsgruppa, noko som bles opp kostnader og inntekter på ein noko kunstig måte. Avvika skriv seg i stor grad for at MDG Vestland har gjort dette. I budsjettutkastet for 2022 er dette forsøksvis spesifisert. I tillegg er det faste, årlege utbetalingar til lokallag som ikkje har vore med på budsjett grunna ein feil.

**Vedtak:** Rekneskapet vart godkjent.

IT  
PT

JPGP

Rekneskapen for 2020 vart godkjend slik han låg føre.

## SAK 5 – BUDSJETT 2021

### **Innstilling frå fylkesstyret:**

Budsjettet vert vedteke.

### **Handsaming:**

Kasserar i styret, Anita Bakken, la fram budsjettet.

Øyunn Kåset stilte spørsmål til posten “Årsmøte og nominasjonsmøte” og “Valgkamp (VKU). Blir “Årsmøte og nominasjonsmøte” revidert?

Kjell Magne Fagerbakke påpeikte at MDG Bergen har behov for midlar til leige av lokale.

Rekneskapsansvarleg Vegard Setrom i MDG nasjonalt svarte at midlene som er til overs etter årsmøte, vil gå til valgkamp. Valgkampeinga fordeler midla som er lagt i posten “Valgkamp (VKU)”, inkludert summen som MDG Bergen bad om.

Per Hjalmar Svae spurte kor låg likviditeten kan gå. Vegard Setrom svarte at den er lagt så lågt som forsvarleg, for å ivareta omsyn til lønsutbetaling.

### Framlegg:

1. Øyunn Kåset sette fram forslag om å flytta 45.000 frå årsmøte og nominasjonsmøte til posten husleige, kontor og rekneskap.
2. Kjell Magne Fagerbakke sette fram forslag om å leggja inn 50 000 kr til partilokale. Han trakk deretter framleggget, men Øyunn Kåset opprettheldt det.

### **Vedtak:**

Framlegg 1 vart vedteke.

Framlegg 2 fall.

Budsjettet vart samråystes vedteke med den endringa som var gjort.

JPGP

PT

# SAK 6 – VEDTEKTER

Referantane gjer merksam på at referatet, inklusive dei vedtekne vedtektsendringane, er skrive på nynorsk; sjølv om framlegga i sakspapira var på bokmål.

## F1 – F7: FORSLAG TIL VEDTEKTSENDRINGAR MED SIKTE PÅ Å GÅ OVER TIL REPRESENTATIVT ÅRS- OG NOMINASJONSMØTE:

**Handsaming og voting:** Odd Bovim frå styret gjorde greie for vedtektsframlegga 1-15. Desse og dei resterande framlegga, 16 - 19 vart debattert og votert over i bolkar.

Framlegga F1 - F7 dreidde seg om vedtektsfesting av ulike variantar av representativt årsmøte. Styret tilrådde variant F1. Det vart først gjennomført ei prøvevotering av om F1 hadde fleirtal, og det hadde framlegget, deretter vart det gjennomført ei votering av kor vidt framlegget F1 hadde dei naudsynte  $\frac{2}{3}$  fleirtal. Det hadde framlegget.

Følgjande vart dermed teke inn i vedtekten:

**Ny paragraf 4: Årsmøtet består av 90 lokallagsdelegatar som vert fordelt proporsjonalt på lokallaga sin del av medlemsmassa, men slik at kvart lokallag får minimum eitt delegat og ingen lokallag får meir enn halvparten av lokallagsdelegata.**

Framlegga F2 - F7 fall som resultat av at F1 fekk fleirtal.

Framlegget F8 dreidde seg om å innföra tilsvarende reglar for nominasjonsmøter. Dette framlegget fall, etter at fleire i møtelyden gav uttrykk for at reglane for nominasjonsmøter bør vurderast nærmere før neste års årsmøte.

Framlegget F9 dreidde seg om krav til korleis lokallaga skal velja sine delegatar. Dette framlegget fall.

Framlegg F10 - F16 dreidde seg om representasjon for andre enn lokallag på årsmøtet.

Framlegg F10 handla om Grøn Ungdom sin representasjon, og det vart først votert over dei to ulike alternativa. Alternativ 1 fekk fleirtal, og deretter  $\frac{2}{3}$  fleirtal og dermed vart følgjande teke inn i vedtekten:

**Grøn Ungdom i Vestland får 7 delegatar på årsmøtet til MDG Vestland**

Framlegg F11 handla om Grøne Studentar sin representasjon, og det var først votert over dei to ulike alternativa. Alternativ 1 fekk fleirtal, og deretter  $\frac{2}{3}$  fleirtal og dermed vart følgjande teke inn i vedtekten:

**Grøne Studentar får 1 delegat per studiestad i fylket med aktivt lokallag**

Framlegg F12 handla om korvidt Grønt Kvinnenettverk skulle ha eige delegat. Framlegget fall.

Framlegg F13 handla om kor vidt fylkestingsgruppa skal ha eigne delegatar. Det vart først røysta over alternativ 2, som ville gjeve gruppa eit mandat, fekk fleirtal. Deretter

vart det røysta over om punktet skulle inn i vedtekten. Det fekk, med knapp margin, ikkje det naudsynte  $\frac{2}{3}$  fleirtal.

Framlegg F14 handlar om kor vidt faste og møtande stortingsrepresentantar, samt statsrådar som er medlem i MDG Vestland skulle ha delegatplass. Framlegget fekk fleirtal, men ikkje  $\frac{2}{3}$  fleirtal, og fall.

Framlegg F15 dreidde seg om representasjon for styret sine medlemmer. Det vart fyrst røysta over dei to alternativa, og alternativ 2 - delegatplass til leiar og dei to nestleiarane - fekk fleirtal. Deretter vart det røysta over om punktet skulle inn i vedtekten. Det fekk det naudsynte fleirtalet på  $\frac{2}{3}$  og følgjande vart difor teke inn i vedtekten:

***Styret sin leiar og nestleiarar har delegatplass***

Framlegg F16 dreidde seg om tale og forslagsrett for andre medlemmer enn delegatane. Dette framlegget vart vedteke med  $\frac{2}{3}$  fleirtal. Følgjande vart difor teke inn i vedtekten:

***Andre medlemmer av fylkespartiet har rett til å møta på årsmøtet som observatørar med talerett.***

Framlegg F17 dreidde seg om endring av kven som skal innstilla på landsmøtedelegatar. Framlegget fall.

Framlegget F18 dreidde seg om at fylkesstyret sin leiar skal ha delegatplass på landsmøtet. Framlegget vart vedteke, og følgjande vart difor teke inn i vedtekten, dagens paragraf §4e:

***Fylkesleiar skal ha plass i landsmøtedelegasjonen.***

Framlegg F19 var framlegget frå Grøn Ungdom Vestland, kome inn etter at sakspapira vart sendt ut, og hadde følgjande ordlyd: "Arrangementer i MDG-Vestland skal som standard være universelt utformet slik at medlemmer ned på 15-årsalderen kan delta om de ønsker". I grunngjevinga vart det vist til at det er eit problem med arrangement på stader som barar (med aldersgrense).

Under diskusjonen rundt framlegg F19 foreslo Marius Dalin at det skulle sendast over til fylkesstyret for vidare handsaming. Forslag F19 fall, men Marius Dalin sitt framlegg fekk fleirtal.

JPGP

IT  
PT

# **SAK 7 - VAL**

## **SAK 7.1: VAL AV FYLKESSTYRE**

### **Valnemnda si innstilling:**

Birger Berntsen, leiar (Vaksdal)  
Anita Bakken, 1. nestleiar (Alver)  
Odd Bovim, 2. nestleiar (Kinn)  
Håkon Nakkerud Opedal (Bergen)  
Anna Sambor (Bergen)  
Arild Hermstad (Bergen / Oslo)  
Linda Risnes Rykkje (Askøy)

I tillegg innstiller valnemnda på følgjande nummererte varaliste:

1. Suzanne Rødseth (Vaksdal)
2. Trond Wathne Tveiten (Bergen)
3. Knut Førland (Kvinnherad)
4. Birthe Wessel (Austevoll)
5. Harald Maaland (Kvinnherad)
6. Maria Thomassen (Øygarden)
7. Marius Dalin (Sunnfjord)

### **Vedtak:**

Fylkesstyret blei valt ved akklamasjon.

## **SAK 7.2 - VAL AV LANDSSTYREREPRESENTANTAR**

### **Valnemnda si innstilling:**

Birger Berntsen med vara Odd Bovim  
Anita Bakken med vara Linda Rykkje

### **Vedtak:**

Landsstyrerrepresentantane blei valt ved akklamasjon.



JPGP

## SAK 7.3 – VAL AV NY VALKOMITÉ

### **Innstilling:**

Øyvind Strømmen  
Janne Kjellevold Midtbø  
Mariel Eikeset Koren

Grøn Ungdom vel sin eigen representant til valkomitéen.

### **Vedtak:**

Valkomiteen blei valt ved akklamasjon.

## SAK 7.4 – VAL AV DELEGATAR TIL LANDSMØTET

### **Handsaming:**

Odd Bovim, frå fylkesstyret gjorde greie for innstillinga.

Knut Førland stilte spørsmål rundt fordeling til mindre lokallag, og om det er tenkt fordeling over fleire år.

Katrine Nødtvedt stilte spørsmål ved korleis det vil fungera med møtande varaer på eit digitalt møte, og om innstillinga me har er i tråd med signal frå partiet nasjonalt om korleis varaer vert innkalla.

Odd Bovim sa at styret sin intensjon er at ein skal få ei fordeling i tråd med det Førland tok opp, og beklaga at han ikkje kunne gje noko inngåande svar på Nødtvedt sitt spørsmål.

Katrine Nødtvedt fremma benkeframlegg på vegner av fleire i MDG Bergen:

- 7. plass: endre vara fra GU-representant til Kjell Magne Fagerbakke
- 9. plass: endre fra Paul Johannessen til Erik Reitan, endre vara fra Jenny Riise til Paul Johannessen
- 11. plass: endre fra Kjell Magne Fagerbakke til Jenny Riise, endre vara fra Erik Reitan til Trond Wathne Tveiten
- 12. plass: endre fra Trond Wathne Tveiten til Susanne Waage

Pauline Tomren trakk seg sjølv frå varalista.

### **Vedtak:**

Lista blei vedteke, med endringane føreslege av Nødtvedt og utan Tomren, mot 3 stemmer. Lista over valde delegatar og varadelegatar blir dermed slik:

JPGP

	Namn	Lokallag o.a.	Personleg vara	Lokallag o.a.
1	Birger Berntsen	Fylkesstyret/Vaksdal	Suzanne Rødseth	Fylkesstyret/ Vaksdal
2	Maya Riise	Alver	Anita Bakken	Alver
3	Linda Rykkje	Askøy	Thomas Remme	Askøy
4	Katrine Nødtvedt	Bergen	Ole Vegar Skauge	Bergen
5	Eline Haakestad	Bergen	Tori Langås	Bergen
6	Øystein Bønes	Bergen	Jens Petter Grini Pedersen	Bergen
7	Josefine Gjerde	Bergen/GU	Kjell Magne Fagerbakke	Bergen
8	Mona Høgli	Bergen/Ft-gruppa	Øyunn S. Kåset	Bergen
9	Erik Reitan	Bergen	Paul Johannessen	Bergen
10	Monica Sandtorv	Bergen	Bjørn Sandvik	Bergen
11	Jenny Riise	Bergen	Trond Wathne Tveiten	Bergen
12	Susanne Waage	Bergen	Thor Haakon Bakke	Bergen
13	Nils-Anders Nøttseter	Bjørnafjorden	Torgeir Skjælaaen	Bjørnafjorden
14	Tina Bøe Buer	Bjørnafjorden	Mai-Britt Lundervold	Bjørnafjorden
15	Øystein Ormåsen	Voss	Øyvind Birkeland	Voss
16	Mariel E. Koren	Gloppen	Jørgen D. Husbyn	Gloppen
17	Guro D. Haugland	Kinn	Bjarne M. Berge	Kinn
18	Natalia Golis	Kvam/Fylkestingsgruppa	Mattias Zimmermann	Kvinnherad
19	Marius Dalin	Sunnfjord	Eliane Wergeland	Sunnfjord
20	Hilde Kristin Egeland	Øygarden	Knut Os	Fjaler
21	GU-representant	GU	GU-representant	GU
	<b>Prioriterte varer:</b>			
1.	Anita Bakken	Fylkesstyret/Alver		
2.	Odd Bovim	Fylkesstyret/Kinn		
3.	Ania Sambor	Fylkesstyret/Bergen		
4.	Øyvind Strømmen	F.ting.gr./Samnanger		
5.	Kåre Spissøy	Bømlø		

PT  
PT

JPGP

	6. Ole Ørjan Hov	Sveio		
	7. Håkon Nakkerud Opdal	Fylkesstyret/Bergen		
	8. Brita Servan	Bømlo		
	9. Maria Thomassen	Fylkesstyret/Øygarden		
	10. Hege Torghatten, Askøy			
	11. Anders Draege, Askøy			
	12. Alexander Sviland Fjeldstad, Bjørnafjorden			
	13. Jostein Saghaug, Kvinnherad			

## SAK 8: PROGRAMINNSPEL TIL DET NASJONALE PROGRAMMET

VEDLEGG 1 sak 8: [Innkomne innspill.](#)

VEDLEGG 2 sak 8: [Siste utgave av programmet.](#)

### Handsaming:

Lage Nøst frå programkomiteen gjorde greie for arbeidet til komiteen, og korleis dette blir handsama på Landsmøtet. Han minna om at 29. januar er absolutt siste frist til å komme med endringsforslag.

Odd Bovim, Kinn stilte spørsmål om vindkraft: Kva er meiningsforskjellen på desse to innstillingane. Lage Nøst meiner at det ikkje er noko særleg forskjell. Begge forslaga har sitt utspring i kompromissforsлага frå LM 2019.

Det vart deretter opna for debatt på endringsforslag F1-F20. Osterøy ønsker å trekke F3, F12 og F13. Bjørn Sandvik vil oppretthalde F12. Odd Bovim vil oppretthalde F13. F3 vart dermed trekt.

Birger Berntsen poengterte at fleire av innspela frå fylkesstyret er blitt fremma etter innspel frå fagfolk.

Det vart opna for debatt om endringsforslag F21-F35, og F37 og F38. Til slutt blei det opna for debatt for dissensar, D1-D21.

# VOTERING OVER DISSENSAR

*Merknad frå referentane: Røystetal er teke med der votingane var tette.*

Det vart først votert over dissensane, men den delte innstillinga frå programkomiteen liggjande til grunn.

**D1:** Årsmøtet slutta seg til fleirtalet i programkomiteen, og formuleringa: "Utrede Norges første nasjonalpark med et helhetlig økosystem med permanente bestander av store rovdyr, og etablere et verneområde hvor jakt og fiske ikke er tillatt".

**D2 og D3:** Årsmøtet slutta seg til fleirtal i programkomiteen, og formuleringa: "Innføre en ordning med klimabelønningen "KAF" (Karbonavgift til fordeling), der inntektene fra enkelte miljøavgifter, som for eksempel økte drivstoffavgifter, deles direkte ut igjen til alle innbyggere. Avgiften skal være innrettet på en måte som sikrer at den fungerer geografisk og sosialt rettferdig. (likelydende punkt i kap. 19)".

Dette vart også gjort gjeldande for D7 og D8 som gjald likelydande formulering i eit anna kapittel.

**D4 og D5:** Årsmøtet slutta seg til fleirtalet i programkomiteen og formuleringa: "Føre en restriktiv politikk for utbygging av vindkraft på land. Framtidige vindkraftkonsesjoner på land i Norge bør forbeholdes områder med eksisterende inngrep og infrastruktur, og skal ikke redusere områder med urørt natur eller andre viktige natur- og friluftslivsverdier".

**D6 og D9:** Årsmøtet slutta seg til fleirtalet i programkomiteen og formuleringa: "At folk med lav eller gjennomsnittlig inntekt skal få redusert inntektskatt i løpet av stortingsperioden, mens folk med høy inntekt skal betale mer.".

Dette var også gjort gjeldande for D12.

**D10:** Årsmøtet slutta seg til fleirtalet si innstilling (med 25 mot 21 røyster), og dermed formuleringa: "Avvikle den kommersielle hvalfangsten".

**D11:** Årsmøtet slutta seg til fleirtalet i programkomiteen si innstilling og dermed å stryka punktet "Motarbeide sosial ulikhet på boligmarkedet ved å fjerne BSU-ordningen" frå programutkastet.

**D13 og D14:**

Årsmøtet slutta seg med 27 mot 21 røyster til fleirtalet i programkomiteen og formuleringa: "Videreføre kontantstøtten for barn mellom 1 og 2 år"

JPGP

**D15 og D16:**

Årsmøtet slutta seg med 26 mot 23 røyster til mindretalaet i programkomiteen, og dermed å stryka punktet "Utrede innføring av aktiv dødshjelp i Norge" frå programutkastet.

PT

**D17 og D18:**

Årsmøtet slutta seg til fleirtalet i programkomiteen og formuleringa “Beholde en tredeling av foreldrepermisjonen”

**D19:**

Årsmøtet slutta seg med 25 mot 24 røyster til mindretallet si innstilling, og dermed formuleringa “Beholde dagens grense for selvbestemt abort i uke 12”.

**D20:**

Årsmøtet slutta seg til fleirtalet i programkomiteen si innstilling og dermed formuleringa “Gå mot tilrettelagt innhenting av grenseoverskridende elektronisk kommunikasjon, og kreve slutt på Sveriges overvåking av norsk internett-trafikk gjennom FRA-loven, samt all annen tilsvarende masseovervåkning utført av andre stater”.

**D21:**

Årsmøtet slutta seg til fleirtalet i programkomiteen si innstilling og dermed formuleringa “At norsk deltagelse i internasjonale militære operasjoner normalt må være foranlediget av et FN-mandat. I situasjoner der en vetomakt blokkerer muligheten for å hindre folkemord, vil De Grønne likevel kunne støtte en humanitær intervension, gitt bred internasjonal oppslutning og deltagelse”.

## VOTERING OVER FRAMLEGG

*Merknad fra referentane: Røystetal er teke med der votingane var tette. Framlegga er kort refererte, for meir detaljar, sjå sakspapira.*

Framlegg F1: **Vedteke** ( 27 for , 18 mot, 4 avholdne)

Nytt punkt: Tilby en støtteordning til husholdninger som gjør bærekraftige tiltak for en insektsvennlig hage og dyrker mat til eget bruk.

Framlegg F2:**Vedteke**

Endra formulering: Beskytte folk mot gjeldsfeller ved å forby reklame for pengespill og fjerne retten til fradrag for renter på forbrukslån, innføre et tak for renter på forbrukslån og forby markedsføring av forbrukslån og kreditkort, samt å vurdere endringer i ordningen med at namsmannen må tvangsinndrive småbeløp.

Framlegg F4: **Vedteke**

Endra formulering: Gi fylkeskommunene ansvar for- og midler til i løpet av stortingsperioden, utarbeide helhetlige, økosystembasert forvaltningsplaner som skal være juridisk bindende.

Framlegg F5: **Vedteke** (28 for, 15 mot)

Ny tekst til introduksjonsteksten til kapittelet: Utslippskilder og muligheter for å regulere forurensing er forskjellig på by og land, og det trengs ulike løsninger og tiltak. Løsningene for

JPGP

IT  
PT

byene fungerer ikke nødvendigvis på landet, og omvendt. Derfor må det tas hensyn til lokale utfordringer behov og muligheter.

Framlegg F6: **Vedteke** (28 for, 14 mot)

Stanse elektrifiseringa av oljefelt.

Framlegg F6.1: (27 for, 14 stemmer mot)

«Satse stort på vindkraft til havs på norsk sokkel, med mål om å tilføre det norske kraftsystemet nok ny kraft til å erstatte all fossil energibruk i Norge innen 2030 uten vesentlig prisøkning for industrien. (8-10 GW) og bidra til stor eksport av vindkraft fra norske havområder, under forutsetning av at naturkonsekvensene er forsvarlige og at hensynet til marine økosystemer og næringer, sjøfugl og trekkveier alltid ivaretas.(likelydende punkt i kap. 22)

Framlegg F7: **Fall**

Strykning av punkt om Nord-Norge-banen.

Framlegg F8: **Vedteke**

Nytt punkt: Innføre vrakpant for kommersielle fartøy samt fritidsbåter, og subsidiere gjenvinning av materiale i gamle fartøy framfor å selge fossile båter videre til andre land.

Framlegg F9: **Vedteke**

Nytt punkt: Legge til rette for regionale matsentraler, og stille krav til at mat og andre salgsvarer blir distribuert regionalt for å kunne merkes som lokalprodusert.

Framlegg F10: **Vedteke**

Endring: At folk med lav inntekt skal få redusert inntektskatt i løpet av stortingsperioden, mens folk med høy inntekt skal betale mer. (likelydende punkt i kap. 38)

Framlegg F11: **Fall**

Strykning av: At folk med lav eller gjennomsnittlig inntekt skal få redusert inntektskatt i løpet av stortingsperioden, mens folk med høy inntekt skal betale mer. b) Mindretallet (v. Knut F.

Qvigstad, Ole-Jacob Christensen): Legge til etter siste setning: "De Grønne vil avvikle inntektskatten for årsinntekter under 200 000 kroner."

Framlegg F12: **Vedteke**

Endra formulering: Arbeide for en internasjonal tobinskatt på omsetning av valuta og verdipapirer, som skal øremerkes tiltak for bærekraftig utvikling.

Framlegg F13: **Vedteke** (26 for, 12 mot)

Endra formulering: Gjøre det mulig å få lån fra lånekassen til å fullføre doktorgradsprosjekt

Framlegg F14: **Vedteke**

Nytt punkt: Legge til rette for direktesalg fra bønder og småprodusenter via arenaer som gårdsutsalg eller Reko-ringer.

JPGP

PT

### Framlegg F37: **Vedteke**

Nytt punkt: Innføre miljøavgift på dyrefôr som ikke held krav til berekraftig produksjon.

### Framlegg F15: **Vedteke** (25 for, 15 mot)

Endra formulering: Verne viktige fiskefelt mot oppdrettsvirksomhet og havvindindustri.

### Framlegg F16: **Vedteke**

Endra formulering: Skjerpe kravene til dyrevelferd for oppdrettsvirksomheten, blant annet ved å redusere antall fisk per merd, avvikle lusebehandling med leppefisk og termisk avlusning, samt utvide kravene til rapportering av sykdommer.

### Framlegg F36: **Vedteke**

Nytt punkt: Innføre miljøavgift på fôr som vert nytta i oppdrettsnæringa. Avgifta skal gå til å leggja om til lukka, utsleppsfree anlegg der alle næringsstoff vert tekne vare på og brukt til td. biogass og jordforbetring,

### Framlegg F17: **Fall**

Strykning av punktet Fastsette en nasjonal minstenorm for sosialstøtte som skal fungere som en garantert minsteinntekt og ikke forutsette salg av eiendeler og lignende.

### Framlegg F18: **Vedteke**

Strykning av punktet: Utrede en ordning der foreldre med barn under 8 år kan forskuttene pensjonsutbetaling tilsvarende minstepensjon ved å ta ut tid tilsvarende ett år tidlig i livet mot å arbeide lenger før de kan gå av med pensjon.

### Framlegg F19: **Fall**

Nytt punkt: Øke grensen for pensjonsalderen slik at man kan velge selv å jobbe lengre med rettigheter som egenmelding og sykemelding. Inkludert mulighet for redusert arbeidstid med delvis pensjon.

### Framlegg F20: **Vedteke**

Nytt punkt: Sikre kvaliteten på tilrettelagt undervisning for elever med utfordringer ved at tilretteleggingen hovedsakelig planlegges av spesialpedagoger og at lærere og nye assistenter får kurs om tilrettelegging for elever raskt etter vedtak og nyansettelser.

### Framlegg F38:**Vedteke** ( 28 for, 13 mot, 5 avholdne)

Nytt punkt: Den vidaregåande opplæringa skal vera desentralisert og, det skal være tilbod også i distriktskommunar. Tilboden må vere fleksibel slik at små elevgrupper kan ta spesialfag og ha allmenne fag i større grupper på same skulen.

### Framlegg F21: **Vedteke** (28 for, 14 mot, 4 avholdne)

IT  
PT

JPGP

Nytt punkt: Legge til rette for digitale internasjonale læringsmiljø slik at også de som ikke reiser på utveksling kan ta del i internasjonale utdanningssamarbeid. Digital utveksling bør telle med i målet om at 50% av alle studenter skal på utveksling.

Framlegg F22: **Vedteke**

Tillegg: og gjøre det enklere å få godkjent realkompetanse fra arbeidserfaring.

Framlegg F23: **Vedteke**

Tillegg: , bedre inkludering av innreisende studenter,

Framlegg F24: **Vedteke** (24 for, 14 mot, 8 avholdne)

Nytt punkt: Ta i bruk folkehelsesykepleiere i kommuner for å få til et helsefremmende samarbeid mellom ulike arenaer i lokalmiljøet og helsetjenester som følger hele livsløpet til innbyggerne etter modell fra Japan.

Framlegg F25: **Vedteke**

Nytt punkt: Legge til rette for kompetanseøkning for ansatte i hjemmebaserte tjenester og sykehjem slik at ansatte kan motta lønn under desentralisert videreutdanning, etterutdanning og kurs.

Framlegg F26: **Vedteke**

Nytt punkt: Kartlegge hvor godt habiliteringstjenester når voksne med ikke synlige funksjonsvansker som ADHD og mindre inngripende Autismespekterforstyrrelser.

Framlegg F27: **Vedteke** (27 for, 12 mot, 7 avholdne).

Tillegg: , ved å tilpasse anskaffelsesloven og gi den ideelle sektoren forutsigbare rammevilkår.

Framlegg F28: **Vedteke**

Nytt punkt: Revidere og styrke ordningen med utstillingsvederlag slik at kunstinstitusjoner gir kunstnere riktig kompensasjon for arbeidet med utstillinger og de reelle produksjonskostnadene.

Framlegg F29: **Fall** (19 for, 21 mot)

Strykning av: At deltakelse på forkynnende aktiviteter på institusjoner skal være frivillig og ikke utgjøre en dominerende plass i aktivitetstilbuddet.

Framlegg F30: **Fall**

Strykning av: Innføre en nasjonal forslagsrett der borgere kan få en sak behandlet på Stortinget med et tilstrekkelig antall underskrifter.

Framlegg F31: **Vedteke**

Tilleggsforslag: og evaluere kravene til hvem som kvalifiserer til ordningen. (Slik at man ikke utelukker for mange aktivister hvis de ikke får karakterer fra sitt studiested på grunn av aktivismen.)

Framlegg F32: **Fall**

Tilleggsforslag: inkludert de fra EU.

Framlegg F33: **Fall**

Endringsforslag: Byene spiller en viktig rolle i kampen mot klimaendringene og bygdene må også ha en bærekraftig utvikling. Vi vil støtte opp om bygde- og byutvikling som hindrer klimagassutsipp og naturtap. Samt dele erfaringer fra norske bygder og byer og hente inspirasjon hjem.

Framlegg F34: **Vedteke** (23 for, 20 mot, 5 avholdne)

Endringsforslag: Jobbe for å sikre jenter utdanning og styrke kvinners rettigheter i arbeidslivet, kvinners rett til seksuell og reproduktiv helse, og mot vold i nære relasjoner.

Framlegg F35: **Vedteke** (27 for, 11 mot)

Endringsforslag: Arbeide for at den offentlige skolen skal være gratis, tilgjengelig for alle og gi utdanning av god kvalitet, slik at alle barn og unge, uavhengig sosial bakgrunn, kjønn, etnisitet og funksjonsevne, får sin rett til utdanning oppfylt.

## SAK 9 – RESOLUSJONAR

Kvam MDG hadde sette fram følgjande framlegg til fråsegn:

### INNFØR AVGIFT PÅ FISKEFOR TIL OPPDRETTSNÆRINGA

Avgift på fiskefôr i oppdrettsnæring vil stimulere til redusert ureining, resirkulering og betre utnytting av næringsemnene i fiskeavfall og fôrrester.

Ei avgift vil også kunne vere eit verkemiddel for å utvikle ein lokal, bærekraftig fôrproduksjon. Avfall frå fiskeoppdrett inneheld viktige næringssstoff kor ein stor del av dette i dag går rett i sjøen.

Også ved oppdrett på land vert ein stor del av gjødsel og fôrspell ført til sjø, jfr. søknadar frå setefiskprodusentar i Hardanger.

Dei viktigaste ressursane i avfallet er organisk stoff, karbon, nitrogen og fosfor. På landsbasis er det rekna at utsleppa av det viktige næringssstoffet fosfor frå fiskeoppdrett er like stort som den mengda fosfor som vert tilført norsk landbruk som gjødsel.

Denne massen har ein alternativ verdi, som pr no ikkje vert nytta til dømes til å biogass, næringssstoff og jordforbetringsmiddel.

For å framskunde arbeidet med gjenvinning av avfallsressursane, og også å bidra til utvikling av lokalt bærekraftig fôrproduksjon, bør fiskefôret som vert nytta i produksjon av oppdrettsfisk vere avgiftsbelagt.

Avgifta kan bli tilbakeført til gode, lokale system for å ta vare på ressursane. Større resirkulering av avfallet vil medføre lågare avgift for produsentane.

Avgifta kan og nyttast til å stimulere fôrproduksjon basert på lokale ressursar.

**Handsaming:**

Det vart avgjort at resolusjonen ikkje skulle handsamast, sidan punkt frå han var handsama i programdebatten og grunna tidsmangel.

## GENERELL POLITISK DEBATT

Den generelle politiske debatten fann stad tidleg sundag, etter innleiingar frå Arild Hermstad, Josefine Gjerde og Marius Dalin laurdag.

Den første som teikna seg var Trond Wathne Tveiten frå MDG Bergen. Han tok opp fattigdomskrisa som vi ser no i etterkant av Covid-19 pandemien. Han meiner vi, som parti, snakkar for lite om dei som har mista jobben og saknar solidaritet for dei som fell utanfor.

Birger Berntsen frå fylkesstyret tok til ordet for at vi må ta "konflikten mellom by og land" på alvor. Dette må vi ta med oss inn i valkampen. Senterpartiet har teke eigarskap til dette, og tar veljarar frå både høgre- og venstresida i det politiske landskapet.

Anita Bakken frå Alver MDG slutta seg til dei to føregåande talarane i debatten. Ho meiner vi må løfte fram fattigdomskrisa. Ho trekte særleg fram at MDG fokuserer mykje på studentane sin situasjon under koronakrisa, og gløymer lærlingane, særleg innan reiseliv, som er hardt råka. Heilt til slutt minner ho om at vi ikkje må gløyme distriktskommunane.

Knut Førland frå Kvinnherad MDG saknar ei meir offensiv haldning i næringspolitikken, med særleg fokus på fornybar energi. Vestland har store moglegheiter innanfor dette feltet, og han meiner MDG Vestland viser for lite engasjement i denne saka. Andre parti har vore meir offensiv enn oss den siste tida. Vi må vise at vi har ein plan for å skaffe nye arbeidsplassar, som skal erstatte arbeidsplassane i olje- og gassnæringa.

Kathrine Nødtvedt frå Bergen MDG kom med ei oppmading til alle medlemmane i partiet; Dersom det er saker de ønskjer at Vestland MDG skal fronte, eller eit lokallag, ta kontakt med dei som har ansvar for sosiale medier og liknande, og gje dei beskjed om dette. Vi har alle eit ansvar for å få dette ut, vi må hjelpe kvarandre.

Odd Bovim frå fylkesstyret sa at MDG er ikkje lenger eit einsaksparti. Dette må vi få ut. Vi har utvikla saksfeltet vårt betydeleg den siste tida. Einar Wilhelmsen, byråd for finans i Oslo, Kathrine Nødtvedt, byråd for kultur, mangfold og miljø, og Ørjan Jensen, ordfører i Vardø, er

gode døme på vi har kunnskap og engasjement for fleire saker enn miljø. Han peikte vidare på at vi er det einaste sentrumspartiet i norsk politikk i dag. Dette må vi utnytte, sidan vi kan samarbeide både med høgre- og venstresida.

Arild Hermstad, førstekandidat i Hordaland svarte dei som saknar at vi engasjerer oss på fleire felt, med at det er vanskeleg når vi berre har ein stortingsrepresentant. Når vi blir fleire på Stortinget, vil vi vere meir synleg, på fleire områder.

Han svarte Knut Førland med at fylkesvaraordføraren vår, Natalia Golis, reiser mykje rundt i fylket vårt og møter næringslivet. Arild vil også reise ein del rundt i samband med valkampen, men og ellers, for å besøke det lokale næringslivet.

Når det gjeld valkampen, så har partiet allereie vedteke kva for saker vi skal fronte: Klima, natur, by- og tettstadsutvikling. Vi skal treffe dei veljarane som vi har størst moglegheit til å vinne. Desse finn vi stort sett i byane og tettstadene rundt omkring, det kan derfor vere vanskeleg å drive valkamp i distrikta, noko leiinga sentralt er klar over. Han oppmoda vidare alle om å ta opp lokale saker, som partiet kan fronte. Han avslutta med å minne oss om at vi er alle politikarar!

Fylkestingsrepresentant Øyvind Strømmen oppmoda medlemmane om å kontakte fylkestingsgruppa dersom det er saker dei brenn for eller har kunnskap om.

Knut Førland kom med forslag om å opprette eit industri/næringspolitisk nettverk, som kan hjelpe partiet med faglege råd. Han vil ta dette opp som vara i fylkesstyret.

Knut Os frå Fjaler MDG var den siste som hadde innspel i debatten. Han tok opp tråden frå Trond og Anita om fattigdomsfella. Han peika på at fattigdommen i Noreg er aukande, og at borgarløn kan vere ei løysing på dette problemet.

## ORIENTERINGAR, TAKK M.M.

Til sist i møtet vart det også gjeve orienteringar frå mangfoldsutvalet, og frå valkampleiar Lisa Nøttseter. Fylkesleiar Birger Berntsen takka dei som gjekk ut av fylkesstyret, samt sekretariatet.


Jan 28, 2021

  
Pauline Tomren (Jan 28, 2021 17:17 GMT+1)

Pauline Tomren

Referent

Jan 27, 2021



Jens Petter Grini Pedersen

Referent

Janne Kjellevold Midtbø

Øyvind Strømmen